



Rolf Vallestad Sunde
Furuholtvegen 7
6906 FLORØ

Vår ref.:
26/6111 - 26/35986 / IRGA

Dykkar ref.:

Dato:
29.05.2026

**Nytt førebels svar på innsynskrav - innsyn i Kontrollutvalet
27.04.2026 - orienteringssak 29/26 om habilitet**

Vi viser til ditt innsynskrav datert 07.05.2026 der du ber om innsyn i dokument knytt til orienteringssak 29/26 i Kontrollutvalet.

Kravet om innsyn blir handsama etter offentleglova. Etter offentleglova § 29 første ledd andre punktum skal eit krav om innsyn avgjerast "utan ugrunna opphald".

Det følger av forarbeida til offentleglova § 29, Ot.prp.nr. 102 (2004-2005) merknadar til § 29 at «Dersom det må gjerast undersøkingar, krav reiser vanskelege spørsmål, eller det er arbeidskrevjande fordi det gjeld ei stor mengde dokument, kan organet bruke meir tid, men jamvel i slike tilfelle må organet behandle kravet så snart det er praktisk mogleg».

Dersom kravet ikkje kan avgjerast innan rimeleg tid, skal vi gi eit førebels svar med grunn til forseinkinga og tidspunkt for når endeleg svar kan ventast, jf. forvaltningslova § 11 a.

Det jobbast med å skrive ei orientering til kontrollutvalet, dette er pr dags dato ikkje ferdigprodusert.

Du vil få eit endeleg svar så snart som mogleg, og seinast innan 05.06.2026. Dersom behandlinga tek lengre tid enn forventa, vil du få ny melding om dette.

Dette er å sjå på som eit førebels svar. Det er ikkje gjort noko vedtak om innsyn eller avslag endå, og det er difor ikkje klagerett på dette brevet.

Vi ber om at du oppgjev saksnummeret for innsynssaka i all vidare korrespondanse, slik at vi kan handsame saka di raskt og korrekt.

Helsing

Øyvind Bang-Olsen
Kommunedirektør

Iris Gangeskar
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur